

# MØTEPROTOKOLL

## Herdla sokneråd

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd	14. mai-2013	frå kl 19.00 - til 21.30
Sak frå : 27/ 2013 Sak til: 32/ 2013		<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset

Frammøtte: 6 av 8 medlemar

Til stades

**Medlemer:**

Karen Skråmestø, Kjellaug F. Eidsaa, Jonas Bratli, Helge Heggernes, Kjell Berland, Astrid Marie Haugland.

**Varamedlem:**

Meldte forfall:

**Administrasjonen:**

Andre frammøtte: Roger Fauskanger. Ivar Eidsaa og Lars Sørhaug.

Underskrifter:

.....	.....	.....
.....	.....	.....
.....	.....	.....

**Referat frå møte 16. april vart godkjent.**

**Sak nr/år**

**27/2013 Meldingar**

- 9. juni. Jubileumskonsert med lansering av Jubileumsboka om Herdla kyrkje.
- 2.-3. november vert det Misjonsmesse på Ravnanger.
- NLA har sendt ut ei liste over foredrag som dei kan tilby til hausten.

**28/2013 Gudstenesteliste**

- 21/04 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland, Dåp, Offer: SAMDAM. Tårnagenthelg
- 05/05 Kl 11.00 Harald Forland, Nattverd, Offer: Eige ungdomsarbeid, KRIK.  
\*\*\*\*\*
- 17/05 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland, Offer: Misjonsarbeidet v/Leif Heggernes.  
Klokkar: Karen Skråmestø
- 19/05 Kl 11.00 Michael Møgster, Dåp, Offer: Sjømannsmisjonen. Felles for heile Askøy.

Grilling ved kyrkjelydshuset etterpå.  
02/06 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland, Nattverd, Offer: Arbeid i kyrkjelyden.  
Utegudsteneste.

### **29/2013 Nytt kyrkjelydshus**

Komite for nytt kyrkjelydshus var med på synfaring og såg på kva som kan gjerast med bårhuset for å få til eit tenleg kyrkjelydshus.

I det nye huset må det bl.a. vere: Sal til ca 60 personar, toalett, bårerom, kjøkken, lager/garderobe, pauserom og reiskapsrom til kyrkjegardsarbeidarane.

Komiteen må vurdere utviding av eksisterande bygg og plassering i forhold til vegar og graver.

Komiten må også kunne ha dialog med kommunen og kyrkjekontoret om bygningstekniske forhold, og informere soknerådet om framdrifta.

### **30/2013 1. pinsedag tilrettelegging.**

Møt opp laurdag kl 17.00 for tilrettelegging.

### **31/2013 Open kyrkje**

Karen Skråmestø lagar vaktliste.

### **32/2013 Jubileumsboka**

Soknerådet meiner at Kr 300.- er ein passe pris på boka.

Det er trykt 800 eksemplar av boka.

Det er soknerådet som står for salet.

Aktuelle stader for sal er bl.a.:

9. juni på konserten

Open kyrkje

Etter kvar gudsteneste

Spar Fromreide

Kyrkjekontoret Strusshamn

Neste møte vert onsdag 12. juni.

Heggernes, 21. mai 2013

*Helge Heggernes*

skrivar (sign)